

Møteinnkalling

Dato: 01.06.23

Til:	Medlemene i Kompetanseforum Vestland		
Emne:	Kompetanseforum Vestland - Møteplan for møtet 16. juni 2023	Sak:	8/23-15/23
Møtetid:	Fredag 16. juni kl. 09:00 til 12:00	Møtestad:	Vestlandshuset møterom Ulriken 12 etg

Agenda

- Sak 8/23 Velkommen (til 09:10)
- Sak 9/23 Godkjenning av referat frå møtet i Kompetanseforum Vestland 24/3 2023 (til 09:15)
- Sak 10/23 Mangel på kompetanse som barriere for grøn omstilling - Oppdatering frå Grøn Region Vestland (til 09:35)
- Sak 11/23 Kompetanse- og rekrutteringsutfordringar knytt til helsesektoren og korleis vi kan jobbe med desse i Vestland (til 10:35)
- Sak 12/23 Kompetansebehov i arbeidslivet – Innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet 2024/25 (til 11:10)
- Sak 13/23 Samansetting av Kompetanseforum Vestland (til 11:30)
- Sak 14/23 Stormøtet 2023 (til 11:45)
- Sak 15/23 Eventuelt (til 12:00)

Sak 9/23 Godkjenning av referat frå møtet i Kompetanseforum Vestland 24/3-2023

Referat i vedlegg 1.

Sak 10/23 Mangel på kompetanse som barriere for grøn omstilling - Oppdatering frå Grøn Region Vestland

I Grøn region Vestland-rapporten, utarbeidd av EY i 2021, blei det identifisert ni barrierar for grøn omstilling. På bakgrunn av dette ba Næringsforum Vestland fylkeskommunen om å setje ned ei arbeidsgruppe som skulle få i oppgåve å operasjonalisere barrierane og lage eit aktørkart. Arbeidsgruppa var samansett av prosjektleiar Heidi Gaustad, NHO v/ Helene Frihammer og Næringsalliansen v/ Espen Børhaug, og leia av Kathrin Jakobsen, VLFK. PwC har på oppdrag frå arbeidsgruppa levert ein rapport kor dei har redusert tal barrierar frå 9 til 6, med ei grundig skildring av kvar av barrierane. Rapporten er basert på intervju med kvart av medlemane i næringsforumet om kva barrierar dei kan bidra til å redusere, kva som blir gjort i dag og kva som bør gjerast framover. Målet med dette arbeidet er at vi skal lukkast med å opptre samordna som partnerskap for å påverke nasjonal og i nokre tilfelle europeisk politikk, og gjere det vi kan regionalt for å overstige desse barrierane saman og kvar for oss. Rapport blei lagt fram for godkjenning i Næringsforum Vestland 27. april 2023, sjå vedlegg.

Dei ni barrierane er no redusert til seks. Den eine av desse er Riktig kompetanse og tilstrekkeleg arbeidskraft. Næringsforum Vestland har i møte 2. juni bede Kompetanseforum Vestland om å følgje opp denne barrieren spesielt.

I dette arbeidet byrjar vi ikkje frå null. I handlingsprogrammet til Berekraftig verdiskaping – regional plan for innovasjon og næringsutvikling er kompetanseutvikling i arbeidslivet eitt av fire satsingsområde og det er utarbeidd ein eigen årsplan for dette arbeidet for 2023. Denne har vore drøfta i Kompetanseforum Vestland. Medlemene i Kompetanseforum Vestland arbeider alle med kompetanseutvikling i arbeidslivet ut frå sin ståstad og oppdrag. Torunn Totland Stangervåg vil i møtet presentere korleis prosjektteamet i Grøn region Vestland har arbeidd fram til no med barrierane og kva tankar dei har om det vidare arbeidet.

I møtet diskuterer Kompetanseforum om det er mogleg å identifisere tiltak som er spesielt viktige for at vi skal lukkast med grøn omstilling i Vestland og Grøn region Vestland spesielt.

Sak 11/23 Kompetanseutfordringar knytt til helsesektoren og korleis vi kan jobbe med desse i Vestland

På møtet i Kompetanseforum Vestland i mars presenterte Ellen Hoxmark helsepersonellkommissjonen sitt arbeid. Kommisjonen har vurdert behova for helsepersonell og kompetanse fram mot 2040.

Kompetanseforum Vestland har ved fleire høve diskutert korleis ein kan løyse utfordringane knytt til kompetanse og arbeidskraft i helsesektoren på kort og lang sikt, mellom anna gjennom å satse på Y-vegen helse og utvikle helseutdanningar på fagskulenivå som ein attraktiv karriere- og utdanningsveg.

Vi tek opp igjen denne diskusjonen i lys av helsepersonellkommissjonen sitt arbeid.

I møte innleiar Tor Ivar Sagen Sandvik (Vestland fylkeskommune), Bergen kommune ved Sissel Larsen deltek på møte og orienterer om kva for utfordringar dei har knytt til kompetanse og rekruttering og Frode Sirhaug presenterer Helse Bergen sitt arbeid med kompetansedelplan.

Sak 12/23 **Kompetansebehov i arbeidslivet – Innspel til dimensjonering av utdanningstilbodet 2024/25**

Kompetanseforum Vestland har vedteke eit årshjul for arbeidet med innspel på dimensjonering av utdanningstilboda. I tråd med dette er det henta inn innspel frå bransjar og regionar (samandrag av innspela i vedlegg 2) .

Vestland fylkeskommune har ansvar for å utarbeide og oppdatere eit regionalt kunnskapsgrunnlag for kompetanse. Kunnskapsgrunnlaget for 2023 vart presentert på møte i Kompetanseforum Vestland i mars.

Innspela frå dei lokale kompetanseforuma og bransjekontaktane viser at dei fleste innspela som kom i fjor framleis står ved lag. Av dei innmeldte behova går det fram at det framleis er stort behov for fagarbeidarar innan ei rekke område, og fleire melder at det er vanskeleg for bedriftene å rekruttere nok lærlingar. Behova er også store innan helse, her er det særleg mangel på helsefagarbeidarar og sjukepleiarar.

Eit anna trekk ved innspela som har gjort seg gjeldande dei siste par åra, er at det i større grad enn tidlegare meldast om behov for desentraliserte og fleksible utdanningstilbod.

I møtet legg sekretariatet fram hovudtrekka i innspela frå regionar og bransjar.

Kompetanseforumet diskuterer kva for utfordringar forumet meiner det er viktigast å løyse og korleis desse kan løysast.

Sak 13/23 Samansetting av Kompetanseforum Vestland

Vestland fylkeskommune har som sekretariat for Kompetanseforum Vestland motteke ein del innspel og førespurnader knytt til representasjon i forumet som omhandlar BI, VID, Bergen kommune, Statsforvaltaren og private fagskular. Bergen kommune har spelt inn at dei meiner at VID og andre fagskular burde vore representert i kompetanseforum i tillegg til at dei sjølv ønskjer eit tettare samarbeid med kompetanseforum særleg på helseområdet. Bergen næringsråd meiner at BI vurderer vore representert i forumet. Statsforvaltaren har sendt ein førespurnad om samarbeid med Kompetanseforum Vestland på helseområdet.

Kompetanseforumet diskuterer om det er behov for å gjere endringar i samansetninga av forumet.

Sak 14/23 Stormøtet 2023

5. oktober er det duka for årets stormøte i regi av kompetanseforum Vestland. Dei siste åra har problemstillingar knytt til grøn omstilling fått stor plass på samlinga. I år vurderer vi å løfte digital kompetanse og omstilling som eit hovudtema.

Kompetanseforumet diskuterer val av hovudtema og andre innspel til årets stormøte

Sak 15/23 Eventuelt

Referat: Møte i Kompetanseforum Vestland 24/3-23

Deltakarar:	Gunnar Yttri (HVL), Øystein Thøgersen (NHH), Torbjørn Mjelstad (Fagskolen Vestland), Ann Kristin Kristoffersen (NHO), Roger Pilskog (LO), Sølvi Olrich (KS), Frode Sirhaug (Helse Bergen) Bård Sandal (Vlfk), Bjørn Lyngedal (Vlfk), Kathrin Jakobsen (Vlfk)		
Fråfall:	Margareth Hagen (UiB), Anne Kverneland Bogsnes (NAV)		
Emne:	Kompetanseforum Vestland – Referat	Sak:	1/23-7/23
Møtetid:	Fredag 24 .mars, kl. 12.30 til 15.00	Møtestad:	Teams

Sak 2/23 Godkjenning av referat frå møtet i Kompetanseforum Vestland 9/12 -2022

Referat godkjent

Sak 3/23 Presentasjon av NOU 2023:4 «Tid for handling — Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste»

Helsepersonellkommisjonen leverte si utgreiing i februar 2023. Kommisjonen sitt mandat var å gje ei heilskapleg og kunnskapsbasert vurdering av behova for helsepersonell og kompetanse fram mot 2040. Kommisjonsmedlem Ellen Hoxmark deltok på møte og presenterte arbeidet. Presentasjonen vart delt med Kompetanseforum Vestland i etterkant av møtet.

Diskusjon:

- Det er demografien som tek tak. Vi må jobbe med det tverrprofesjonelle og samhandling med andre aktørar f. eks fagskolen.
- Interessant for vidaregåande opplæring. Kommisjonen peiker på mykje som er relevant for helsefagarbeidarar. Rapporten peiker også på Y-vegen. Utfordrar spesielt HVL.
- Dette er diskutert i kommisjonen. Det er ulike interesser og interesser og grunngevingar. Om ein skal styrke helsefagarbeidaren kan det virke mot sin hensikt.
- Viktige strukturelle faktorar: Arbeidsgjevar, lønnsvilkår, karrieremoglegheiter, kva moglegheiter har dei når den tilsette har tatt fagskole. Veldig lite. Det er eit klart skilje mellom det som er på høgskolenivå og resten. Vi må smelte dette saman på sikt.
- Vi må ta opp igjen Y-vegen i eit seinare kompetanseforum
- Dersom helsefagarbeidaren skal få fleire oppgåver - sjukepleiaroppgåver. Korleis skal vi gå fram? Dette er ikkje noko utdanningsinstitusjonane kan bestemme.
- Kommisjonen har ikkje gått heilt ned på detaljnivå. Vi har fått innspel frå mange sjukepleiarar som seier at dei gjer oppgåver som andre kan gjere.
- Helsefagarbeidaren kan gjere fleire ting. Kommunane må utnytte delegasjonsreglementet sitt betre.
- Helse Bergen kjem med ein kompetansedelplan. Denne planen skal på høyring. Kjem til utdanningsinstitusjonane. Skal vær ferdig til sommaren. Ønskjer å ta den opp i kompetanseforum på et seinare tidspunkt, når den er vedtatt.

Sak 4/23 Presentasjon av kunnskapsgrunnlaget for regional kompetanse

Vestland fylkeskommune har oppdatert kunnskapsgrunnlaget for kompetanse og Nikolai Park Foss (Vestland fylkeskommune) presenterte hovudfunna frå statistikken. Presentasjonen vart delt med Kompetanseforum Vestland i etterkant av møtet.

Diskusjon:

- NHH går på full kapasitet, har ikkje plass til fleire studentar. Det skjer endringar på programnivå. Det kjem ikkje fram i kunnskapsgrunnlaget. Kanskje vi må rapportere data på ein annan måte? Det skjer mykje under den stabile overflaten.
- Ønskjer nasjonale data
- Kunnskapsgrunnlaget er ei god realitetsorientering. Det er ein nedgang i tall vaksne som tek fagbrev. Kvifor? Påstand: Det er for få lærlingar og mykje naturleg avgang. Behovet dekkast gjennom innleie Er dei med i statistikken? Berre delvis
- Kunnskapsgrunnlaget vert presentert i alle dei regionale kompetanseforuma, slik at dei kan bruke det som grunnlag for sine innspel til dimensjoneringa av neste skuleår

Sak 5/23 Temaplan for breiband og digitalisering

Hans Inge Gloppen (Vestland fylkeskommune) presenterte arbeidet med temaplan for breiband og digitalisering som er på høyring. Presentasjonen vart delt med Kompetanseforum Vestland i etterkant av møtet.

Sak 6/23 Kriterium for fylkeskommunen si tilslutning til nye studiesenter

Vestland fylkeskommune har utarbeida ei rekkje kriterium for fylkeskommunen si støtte til studiesenter for inneverande år. Desse kriteria kan reviderast neste år og eventuelt inngå i ein meir heilskapleg strategi for studiesenter og desentralisert og fleksibel utdanning. I møtet vart kriteria gjennomgått.

Diskusjon:

- Verkar OK
- HVL har samarbeidsavtalar med fleire studiesenter. Det er ein utålmodigheit der ute.
- Det må vere gode rammer også for høgskulen i det vidare samarbeidet. Både Odda og Inviro har vært eit bra arbeid som kan utvikle seg.
- Vi er opptatt av at vi ikkje skal få studiesenter som ikkje passar inn i måten vi ønskjer jobbe på i Vestland. Nå er rammene er utydelege, og vi må kanskje no la det blomstre, og så ta sikte på å setje det i system på sikt.
- Vi må vere flinke til å dyrke grasrota.

Utsynsmeldinga vart lagt fram same dag som møtet i Kompetanseforum Vestland. Siste del av møtet vart nytta til diskusjon av denne:

- Det er høgare forventningar til at vi i større grad tilpassar oss til arbeidslivet sine behov HVL har eit steg å gå, men vi gjer mykje av dette allereie i dag.
- Fekk ikkje gjennomslag for finansiering av fleircampus modellen.
- Det meste var varsla på forhånd. Ein ting er kunnskapsbehovet i dag, men kva med morgondagens kunnskapsbehov? Det må ikkje gå altfor mykje utover generell forskning. Men det er grunnleggjande gledeleg av at det settast fokus på relevans.
- Spent på kva som kom på nytt finansieringssystem. Kva betyr desse endringane?
- Vi må sjå litt nærmare på dette. Det er ei forenkling å gå vekk frå fleire indikatorar, og institusjonane har kanskje blitt for like. Med færre indikatorar kan man kanskje i større grad forme tilbodet i takt med samfunnet rundt.
- Vi veit ikkje heilt korleis dette slår ut på den einskilde institusjon. Skal være insentiv til endring og dreining på lenger sikt. Det er varsla nokre insentiv for å auke innsatsen på EVU. Den delen som ikkje marknaden fangar opp.
- Når du tar vekk lyset frå noko, så skjer det noko med prioriteringane. Dei var veldig tydelege på fagskulen. Tre områder dei ønskjer å prioritere: tekniske fag, helse og grøn omstilling. Kva med dei faga som ikkje blir nemnt? Dei forenkler finansieringssatsane, og tar dei ned til tre.

Kompetansebehov arbeidslivet:

Innspel til dimensjonering av utdanningstilboda 2024/2025

Bakgrunn:

Kompetanseforum Vestland har vedteke eit årshjul for arbeidet med innspel til dimensjonering av utdanningstilboda, som skildra under. Kompetanseforum har 4 møte i året og dimensjonering er tema på tre av fire møter i år:

- Møte 1: Kunnskapsgrunnlag kompetanse vart presentert på møte i kompetanseforum 24. mars
- Møte 2 i Kompetanseforum 16. juni:
 - Sekretariatet legg fram innspel om kompetansebehov frå dei lokale samarbeidsarenaene og kontaktpunkta i bransjane.
 - Kompetanseforum blir samde om nokre hovudutfordringar ein skal ta sikte på å løyse basert på dei to punkta ovanfor
- Møte 4 i Kompetanseforumet (8. desember):
 - Utdanningsinstitusjonane presenterer korleis dei har jobba med dimensjonering for det neste skuleåret.

Gjennomføring:

Sekretariatet har våren 2023 bede om innspel frå dei lokale kompetanseforuma og kontaktpunkta i bransjane. Det vert framleis arbeida med å få på plass lokale kompetanseforum som dekkjer Bergen, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden.

Vestland fylkeskommune utarbeider eit digitalt kunnskapsgrunnlag med kompetanse som tema. Kunnskapsgrunnlaget inkluderer mellom anna data for lønnstakarar etter yrke, utdanningsnivå, alder, næringa dei jobbar i og kva region arbeidsplassen ligg i. I tillegg er det henta ut data for mellom anna fullførte utdanningar ved vgs, fagskule, UiB og HVL. Kunnskapsgrunnlaget er tilgjengeleggjort for alle bransjekontaktane og presentert i alle dei regionale kompetanseforuma. Hovudfunna i kunnskapsgrunnlaget vart presentert for Kompetanseforum Vestland i mars.

Lenke til Kunnskapsgrunnlag kompetanse:

<https://www.vestlandfylke.no/narings--og-samfunnsutvikling/kompetanse-i-arbeidslivet/kunnskapsgrunnlag/>

Samanfatning av innspel:

Under følger eit samandrag av innspela vi har fått i inn. Alle innspela er i heilskap vedlagt sakspapira i eit separat vedlegg.

Hardanger/Voss:

Vidaregåande opplæring:

Elektro og datateknologi vg1 og Elenergi og ekom vg2: Det er stor mangel på elektrikarar i regionen.

Energimontør vg3: Behov for fleire lærlingar.

Industriteknologi vg2: Behalde dagens tilbod

Kjemiprosess og laboratoriefaget vg2: Dei yrkesretta utdanningane er godt tilpassa bedriftene sine behov

Køyretøy vg2: Fleire bedrifter har behov for bilmekanikar for tunge og lette køyretøy. Behovet for elbil-kompetanse vil auke kraftig framover

Transport og logistikk vg3: Ønskje om kryssløp frå andre programområde

Bygg- og anleggsteknikk vg1, teknologi- og industrifag vg1, anleggsteknikk vg2 og betong og mur vg2: Det er auka behov for fagarbeidarar i byggfag, særleg inneber framleis redusert tilgang til utanlandsk arbeidskraft av bransjen treng fleire nyutdanna. Vurderinga er at tilbodet i anleggsteknikk vg2 og tømrar vg2 bør oppretthaldast slik det er i dag. Behov for anleggsmaskinførarar.

Sal, service og reiseliv vg1 og sal og reiseliv vg2: Rett dimensjonert som det er i dag og bør vidareførast. Det er stor etterspurnad frå handelsnæringa etter lærlingar.

Restaurant- og matfag vg1 og kokk og servitørfag vg2: Reiseliv og servicebransjen har behov for lærlingar. Aktuelle løysingar kan vere kvalifisering etter Gloppenmodellen eller kombinasjonsklassar samansett av vaksne inkl. minoritetsspråklege og dei med ungdomsrett.

Helsefagarbeidar: Stort behov på kort og lang sikt i regionen grunna pensjonsavgang og auka tal eldre. Gode erfaringar med kombinasjonsklassar og læreplassformidling

Barne- og ungdomsarbeidar: Behov grunna pensjonsavgang

Påbygg til generell studiekompetanse vg3: Viktig å sikre tilbod om påbygg. For kvalifisering til studie bør det kunne leggjast til rette for auka bruk av nettundervisning.

Studiespesialiserande: Tilboda bør vidareførast slik at ein sikrar full fagbreidde til programfaga på vg2 og vg3.

Informasjonsteknologi og medieproduksjon vg1 og informasjonsteknologi vg2: Aukande etterspurnad etter denne kompetansen i regionen. Tilgangen på læreplassar er stabil eller aukande.

Fagskule:

Elkraft: Det er behov for personell med teknisk bakgrunn frå fagskule til fleire bedrifter i regionen og etterspurnaden etter arbeidskraft vil auke dei næraste åra. Behov for vidareutdanning av operatørar i drift og vedlikeholdspersonell

Automatisering: Det er behov for personell med teknisk bakgrunn frå fagskule til fleire bedrifter i regionen og etterspurnaden etter arbeidskraft vil auke dei næraste åra.

Prosessteknikk: Det er behov for personell med teknisk bakgrunn frå fagskule til fleire bedrifter i regionen og etterspurnaden etter arbeidskraft vil auke dei næraste åra

Maskinteknikk: Det er behov for personell med teknisk bakgrunn frå fagskule til fleire bedrifter i regionen og etterspurnaden etter arbeidskraft vil auke dei næraste åra

Fagskuleingeniør: Behov for kompetanse innan mekanisk konstruksjon og kompetanse innan hydraulikk og elektro.

Høgskule/universitet:

Høgskulen på Vestlandet bør tilby desentraliserte utdanningar i større grad enn til no. For Hardanger-Voss vil helse, oppvekst og digitalisering vere prioriterte fag for desentraliserte tilbod gjennom HVL

Fjordane:

Vidaregåande opplæring:

Helsesekretær: Eit lokalt opplæringstilbod vil kunne betre rekrutteringa

Industrieteknologi vg2: Oppretthalde etablerte tilbod på vg2.

Elektro og datateknologi vg1: 36 skuleplassar ved vg1 elektro og datateknologi er eit minimum.

Helse og oppvekstfag: Sikre rekruttering

Bygg og anleggsteknikk: Tilboda ved Nordfjord på vg1 og vg2 bør vere minimum som i dag, men det bør vurderast å auke opp med ei klasse vg1 bygg og anleggsteknikk

Restaurant og matfag: Måløy vgs ønskjer å rette utdanningstilbodet for vaksne mot kokk- og servitørfag (Gloppenmodellen)

Vg4 Påbygging: Må dimensjonere for at flest mogleg av elevane på yrkesfag fullfører med fagbrev, og deretter har moglegheiter til vg4 i regionen

Fagskule:

Vidareutdanning for helsefagarbeidar knytt til behov i spesialisthelsetenesta og kommunane

Høgskule/universitet:

Vernepleie (Helse Førde): Desentralisert. Stort behov i psykisk helsevern og kommune. Lokalt (desentralisert) utdanningstilbod vil betre rekrutteringsgrunnlaget

Desentralisert sjukepleiarutdanning: Samlingsbasert deltid. Det er allereie stor etterspurnad etter sjukepleiarar og dette vil forsterke seg framover

Desentralisert sjukepleieutdanning innan geriatri og kreftomsorg: Samlingsbasert deltid.

Bioingeniør (Helse Førde): Stort behov i spesialisthelsetenesta. Lokalt utdanningstilbod vil betre rekrutteringsgrunnlaget

Fysioterapi (Helse Førde): Lokalt utdanningstilbod vil betre rekrutteringsgrunnlaget

Innovasjonsfag/utdanning: Behov for eit lokalt tilbod innan innovasjon.

Ingeniør/helsefag-helseinformatikk (Helse Førde): Kople IKT-utdanning/innovasjonsutdanning mot helsefag

Anestesisjukepleier/intensivsjukepleier/Operasjonssjukepleier: Utfordrande med undervisningspersonell og tidvis rekruttering.

Etter og vidareutdanning hydrogen: Kurs og studium i samarbeid med HVL

Praktisk-pedagogisk utdanning for kulturskulelærarar: Samlingsbasert deltid. Dette behovet gjeld generelt for kommunane i heile Vestland

Vidareutdanning for lærarar: Lokale kompetanseløft innanfor enkelte områder

Desentralisert lærarutdanning, barnehagelærarutdanning og spes ped: Digitale og samlingsbaserte studietilbod, deltid. Rekruttering og kompetanseheving av eksisterande arbeidskraft for å skaffe rett kompetanse

Komprimert utdanningsløp for IT-utviklar: Det er stort underskot på IT-kompetanse, spesielt utviklarar

Sogn:

Vidaregåande opplæring:

Helsearbeidarfaget med studiekompetanse, 3-årig: Regionen har stort behov for helsepersonell på kort og lang sikt grunna pensjonsavgang og auka tal eldre. Helsefagarbeidarfag med studiekompetanse er eit tilbod som er etterspurt i Sogn.

Fagskule:

Elkraft: Elkraft er eit fagområde i rask utvikling, og omfattar heile energikjeda frå produksjon til fordeling til forbruk. Fleire bedrifter har stort behov for fagskuleingeniørar innan elkraft. Utviklinga av nye grønne industriarbeidsplassar vil vere avhengig av denne kompetansen for å lukkast.

Høgskule/universitet:

Desentralisert sjukepleiarutdanning: Regionen har stort behov for sjukepleiarkompetanse fordi kommunane får fleire oppgåver og mange sjukepleiarar nærmar seg pensjonsalder. Kommunane i Sogn har frå 2019 jobba systematisk for at kommunalt tilsette skal byrje på desentralisert sjukepleiarutdanning. Desentralisert utdanning med samlingar i Sogndal og nettundervisning vil bidra til fleire søkjarar i studiet. Å utdanne eigne tilsette er den mest treffsikre ordninga for kompetanseheving.

Barnevern master: For å møte lovkrava om barnevernsfagleg mastergrad frå 2023 må masterutdanning i barnevern bli eit tilbod på Campus Sogndal.

Industriell økonomi master: Næringslivet i Sogn etterspør ein fleksibel og desentralisert masterutdanning innan industriell økonomi. Utviklinga av nye grønne industriarbeidsplassar vil vere avhengig av denne kompetansen for å lukkast.

Informasjonsteknologi bachelor: Det er stort behov for arbeidskraft innan IKT. Informasjonsteknologi bachelor er ei utdanning som private og offentlege verksemder etterspør.

Elkraftingeniør: Sogn har stort behov for elkraftingeniørar med fagkompetanse innan produksjon, distribusjon, installasjon og bruk av elektrisk energi. Studietilbodet som i dag finst i Vestland forsyner ikkje Sogn med denne kompetansen. Utviklinga av nye grønne industriarbeidsplassar vil vere avhengig av denne kompetansen for å lukkast.

Nordhordland:

Vidaregåande opplæring:

Beskriv ikkje dei tilboda som allereie eksisterer og som dei ønskjer å vidareføre.

Handverk, design og produktutvikling: Tilbodet på vg1 har hatt ein auke i søkjartal dei siste åra. Samstundast er det ein del ungdommar ikkje søker seg til dette tilbodet på Knarvik, fordi det manglar eit vg2 tilbod. Eit vg2 tilbod innan saum og tekstilhandverk vil styrka fagmiljøet ved skulen og bidra til høgare søkjartal i framtida. Skulen meiner at et er mogleg å finne tilstrekkeleg lærlingplassar for dette utdanningsløpet.

Teknologi- og industrifag: Austreim vgs har tre klassar på vg1 teknologi og industrifag, og det ser ut til at dette vil vere eit varig behov. Skulen har vg2 tilbod innan industriteknologi og køyretøy, altså to klassar. Det betyr at dei sender ein klasse vidare til andre skular på vg2. Dei ønskjer difor å opprette ein klasse vg2 i maritime fag etter ein modell der elevane tek YFF-faget og ein del av programfaga i bedrift.

3PÅ/4PÅ: Ønskjer ein halv klasse 3PÅ og ein halv klasse 4PÅ.

Elektro og datateknologi: Ønskjer vg3 energioperatør i skule i 2025. Næringslivet i regionen peikar på eit stort behov for kompetanse knytt mot havvind og annan grøn industri (m.a. hydrogen). Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Austrheim vgs og Knarvik vgs. Samarbeider med lokalt næringsliv om dette prosjektet.

Sunnhordland:

Vidaregåande opplæring:

Bygg og anleggsteknikk: Aukande behov for ISO-faga. Vanskeleg å få nok elevar til faget. Stikkord: fleksibilitet og tenke nytt for å få med fleire

Vg2 Betong og murarlinja: Ønskjer denne linja tilbake til Stord vgs. Fjerne delt klasse med andre vg2 fag bygg og anlegg

Bygg og anleggsteknikk vg2 tømrar: Er berre ein halv klasse i dag, vil vere vidare behov framover

Bygg og anleggsteknikk vg2 klima, energi og miljø: Rørleggerfaget er eit stor sakn i Sunnhordland. Det er eit ønske om å få oppretta ei linje på Stord vgs.

Bygg og anleggsteknikk: vg2 glasfag, vg2 låssmedfag, vg2 taktekkarfag: Desse faga er ikkje i Sunnhordland pr i dag, men det er behov for denne kompetansen

Elektro og datateknologi vg2 elenergi og ekom, vg2 og vg3 automatisering: Svært viktig å behalde dei linjene som er i dag. Behovet vil totalt auke framover. IT-bransjen vil ha eit aukande behov for lærlingar innan vg2 automatisering. Ser dette som den sikraste vegen for å få rekruttert lokal arbeidskraft.

Informasjonsteknologi og medieproduksjon vg1: Viktig å behalde linjene som er i dag.

Informasjonsteknologi vg2: IT-bransjen vil ha eit aukande behov for lærlingar etter vg2 informasjonsteknologi. Ser dette som den sikraste vegen for å få rekruttert lokal arbeidskraft.

Medium og kommunikasjon vg1, 2 og 3: Viktig å behalde linjene som er i dag.

Klima, energi og miljøteknikk: Ønskjer å få opp denne linja i Sunnhordland. Denne linja går på tvers av ulike fag, men tar opp i seg nye krav om energieffektivisering, krav til klima og miljø.

Helse og omsorgsfaget: Det er eit stort behov for lærlingar i heile regionen

Teknologi og industrifag: vg2 industriteknologi på Stord vgs. Også behov i Kvinnherad og Bømlo. Industrien treng 40 lærlingar innan dette faget kvart år.

Barne og ungdomsarbeidar: Det er eit stort behov for lærlingar i heile regionen

IKT-faget: Det er eit stort behov for lærlingar i heile regionen

Havbrukslinje: Utfordring å få tak i nok kompetanse i distrikta. Kvinnherad ønskjer ei linje for denne kompetansen

Landbruk: Treng eit løft innan fruktdyrking. Kvinnherad ønskjer seg eit desentralisert tilbod innan landbruk/fruktdyrking

Transportfaget: Stort behov for at fleire utdannar seg.

Målar: Behov for lærlingar

Byggdriftar: behov for lærlingar

Fagskule:

Klima, energi og miljøteknikk (KEM): Dette er ei ny linje ved teknisk fagskule i Førde (nettbasert). Denne utdanninga er veldig aktuell for delar av næringslivet på Stord.

Helse: Vidareutdanning for helsefagarbeidarar. Sunnhordland har mange helsefagarbeidarar. Dei vert viktige framover for å sikre berekraftige helsetenester. Å vidareutdanne dei til å utføre fleire oppgåver vil vere eit tiltak for å svare på framtidens utfordringar.

Høgskule/universitet:

IT ingeniør: Finst ikkje i dag. Viktig å få opp bachelor og master for å utdanne eigne IT-ingeniørar i Sunnhordland og på Haugalandet.

Ingeniør fornybar energi: Dette studiet finst på Universitetet i Agder som bachelor grad. Dette er veldig aktuelt for Sunnhordlandsregionen.

Sjuepleie: Det er eit stort behov for sjuepleiarar

Lærer master: Sunnhordland har mange skular på barne og ungdomstrinnet. Det er behov for fleire lærarar pga naturleg avgang.

Ingeniørar, både bachelor og master: Kommunane har behov for fleire ingeniørar innan tekniske tenester.

Barnehagelærar: Kommunane har behov for fleire barnehagelærarar

Vernepleiar/sosionom og barnevernspedagog – master og bachelor: Kommunane melder om behov for fleire vernepleiarar, sosionomar og barnevernspedagogar

Bransjekontakt Bergen kommune - helse:

Vidaregåande opplæring:

GSK norsk og matematikk: Helsefagarbeidarar som ønskjer å vidareutdanne seg til sjuepleiar eller vernepleiar fyller ikkje opptakskrava til disse utdanningane med fagbrev. Bergen kommune er positiv til at fylkeskommunen har etablert nettskulen som tilbyr undervisning i desse faga, men ønskjer større fleksibilitet med tanke på tilsette som jobbar turnus. I tillegg meiner dei at det må følgje med finansiering som kan kompensere for tilsette som deltek i vaksenopplæring.

Y-veg helse: Etablering av Y-veg for helsefaga er ønskjeleg.

Fagbrev på jobb: Bergen kommune har eit stort behov for å utdanne kvalifiserte helsefagarbeidarar og har gode erfaringar med Fagbrev på jobb. Det er behov for å styrke og sikre

finansiering av denne ordninga på permanent basis. Så langt i 2023 er Bergen kommune tildelt 18 kontraktar men det er kartlagt og meldt inn behov for 120 kontraktar per år framover.

Fagskule:

Leiarutdanning for helsefagarbeidarar: Det er behov for at det vert utvikla eit fagskuletilbod innan organisasjon og leiing tilsvarande 60-120 studiepoeng, gjerne modulbassert.

Fagskuleutdanning – tilbod: Høg del ufaglærte og mangel på finansiering av fagbrev på jobb gir færre fagarbeidarar på sikt og svakare søkargrunnlag til fagskuleutdanninga. Det er eit bredt tilbod av fagskuleutdanningar både lokalt, regionalt og nasjonalt, men desse er ofte i konkurranse med kvarandre. Kan samordning av tilbod fagskulane i mellom vere eit alternativ? F eks med tanke på å utvikle ei leiarutdanning for fagarbeidarar innan helse.

Høgskule/universitet:

Bachelor deltid sjukepleie: Endra opptakskrav frå 2019 fører til at langt færre av kommunen sine tilsette kvalifiserer for opptakt til dette studiet. Ref. punkt over om vidaregåande opplæring om GSK norsk og matematikk

Bransjekontakt Bygg og anlegg:

Vidaregåande opplæring:

Betong og mur: Oppretthalde betongfaget og sikre tilstrekkeleg med lærlingar til bransjen

Tømrarfaget: Oppretthalde betongfaget og sikre tilstrekkeleg med lærlingar til bransjen

Bygg og anleggsfaga: Oppretthalde betongfaget og sikre tilstrekkeleg med lærlingar til bransjen

Fagskule:

Energioppgradering, Co2 rekneskap, rehabilitering og gjenbruk: Innsikt i klimapåverknaden frå bygg og anleggsprosjekt. Rehabilitering av eksisterande bygg og anlegg reduserer behovet for nybygg og sparar ressursar og energi.

BIM og VDC: BIM og skyplattformer kan forenkla prosessar, betre samarbeid og redusere tid og kostnadar. Betre prosjektstyring og risikohandtering er naudsynt. Digitale løysingar gjev moglegheit for betre kontroll og sanntidsanalyse av store datamengder

Høgskule/universitet:

Master byggingeniør og leiing: Mister kandidatar til andre delar av landet

Overgangsordning frå teknisk fagskule til bygg ingeniør: Mister kandidatar til andre delar av landet

Berekraft i bygg og anlegg: Eigen utdanning som sett søkjelys på leiing ingeniørfag og berekraft i bygg og anlegg.

Energioppgradering, Co2 rekneskap, rehabilitering og gjenbruk: : Innsikt i klimapåverknaden frå bygg og anleggsprosjekt. Rehabilitering av eksisterande bygg og anlegg reduserer behovet for nybygg og sparar ressursar og energi.

BIM og VDC: BIM og skyplattformer kan forenkla prosessar, betre samarbeid og redusere tid og kostnadar. Betre prosjektstyring og risikohandtering er naudsynt. Digitale løysingar gjev moglegheit for betre kontroll og sanntidsanalyse av store datamengder